

HJARTEAVDELINGA

MEDIKAMENTELL STRESS-EKKOKARDIOGRAFI




Foto: www.colourbox.com



VELKOMMEN TIL OSS

I denne brosjyren finn du informasjon om undersøkinga du skal til og kva førebuingar du må gjere. Du kan også ta kontakt med oss på telefon dersom du har behov for meir informasjon. Brosjyren er utarbeidd av legar og sjukepleiarar ved Hjarteavdelinga.

Vennleg helsing personale på Hjartepoliklinikken.


INFORMASJON OM MEDIKAMENTELL STRESSEKKO-KARDIOGRAFI (medikamentell stressekko)

Denne ultralydundersøkinga er nyttig ved fleire tilstandar:

- Ved utgreiing av brystsmerter/hjertekrampe (angina pectoris), der sykkeltesten (arbeids EKG) og/eller CT av hjarte ikkje har gitt nok informasjon om kransarteriane.
- Ved kjent sjukdom i kransarteriane, der det er oppstått nye og/eller uavklarte symptom på hjertekrampe.
- Ved mistanke om sjukdom i dei små arteriane til hjartemuskelen (sjukdom i små kar).

BLODFORSYNING TIL HJARTET

Tre arteriar (blodårer) forsyner hjartemuskelen med blod. Desse blir kalla koronararteriar eller kransarteriar. Innsnevra eller tette kranarteriar kan føre til at hjartemuskelen får for lite blod og oksygen. Dette kan gi symptom i form av brystsmerter eller tung pust, spesielt ved aktivitet.



KVA ER MEDIKAMENTELL STRESSEKKO?

Ekkokardiografi er ultralydundersøking av hjartet. Ved ekkokardiografi blir høgfrekvente lydbølger sendt via ein lydprobe, gjennom brystveggen, tilbake til proben som eit «ekko», og dannar eit bilde av hjartet. Undersøkinga gir informasjon om hjartets funksjon. Ultralyd er heilt ufarleg og er eit viktig verktøy for å påvise hjartesjukdom.

Ved medikamentell stressekko får du medisinar som gjer at pulsen din aukar, samstundes som det blir tatt ultralyd. Legen kan da observere korleis hjartemuskelen evnar å trekke seg saman i kvile og under pulsstiging. I tillegg blir blodforsyninga i hjartemuskelen kartlagt ved hjelp av ultralydkontrast. Ved nedsett blodforsyning vil ultralydbildet vise ein hjartemuskel med endra samantrekningsmønster og redusert kontrastfylling under stress.

KVA INNEBER UNDERSØKINGA FOR DEG?

Undersøkinga varer ca. 1,5 time inkludert førebuingar og kvile etter undersøkinga.

- Du må kle av deg alt på overkroppen og ta på deg ei sjukehuskjorte.
- I ei blodåre på venstre arm blir det lagt inn ei venekanyle.
- Du blir kopla til eit EKG (elektrokardiogram) og eit blodtrykksapparat.
- Du må ligge på di venstre side på ein undersøkingsbenk.
- Ved ultralydundersøking vil ultralydgelé bli smurt på brystveggen din og ein liten lydprobe blir trykt mot huda.

Først blir det gjort ekkokardiografi med kontrast i kvile og deretter ved auka hjartefrekvens. Hjartefrekvensen (pulsen) din aukast gradvis og kontrollert ved hjelp av medikament som blir gitt intravenøst gjennom ei venekanyle.

Medikamenta som blir brukt

SonoVue er eit ultralydkontrastmiddel som betrar bildekvaliteten ved ekokardiografi. Ultralydkontrasten gir veldig sjeldan biverknader, dei fleste er i så fall milde og forbigåande. Kontrastmiddelet blir raskt skilt ut av kroppen via lungene.

Dobutamin er eit medikament som aukar pulsen og får hjartet til å trekke seg kraftigare saman. Dette gir symptom som fyldigare og raskare puls. Det blir gitt *Dobutamin* fram til du har nådd 85 % av din maksimale puls (det blir berekna ut frå alder). Infusjonen med *Dobutamin* varer ca. 9-12 minutt. Nokre gonger er det nødvendig å gje medikamentet *Atropin* i tillegg til *Dobutamin* for å få pulsen opp i ønska frekvens.

Nokre kan få ubehag som auka behov for å late vatnet, prikking i huda, hovudverk og kjensle av ubehag. Symptoma går raskt tilbake når infusjonen av medikamenta blir stoppa. Medikamenta blir gitt i så liten dose som mogleg.

Undersøkinga blir utført av hjartespesialist med assistanse frå sjukepleiar. Sjukepleiar vil mellom anna administrere medikamenta du får, observere dine reaksjonar på medikamenta, måle blodtrykk og vurdere EKG og hjarterytmen din under testen.



ETTER UNDERSØKINGA

Du blir observert med blodtrykksmålingar og EKG inntil pulsen din er tilnærma tilbake til normal frekvens. Hjartespesialisten vil analysere ultralydbilda som er tatt under testen. Vanlegvis vil du få svar på undersøkinga før du reiser heim. Enkelte gonger er det behov for utvida analyse av bilda, da vil du få svara innan kort tid per brev. Dersom undersøkinga viser at deler av hjartemuskelen din har for dårlig blodforsyning, vil du få tilbod om vidare utgreiing (hjartekateterisering, eventuelt hjarte CT) og/eller medikamentell behandling.

Du kan reise heim eller gå på jobb kort tid etter at undersøkinga er ferdig.

KAN EIN FÅ KOMPLIKASJONAR?

Medikamentell stressekko gir svært låg risiko for komplikasjonar eller alvorlege hendingar. Du blir nøyde overvaka og testen blir utført regelmessig ved Haukeland universitetssjukehus.

Ein sjeldan gong kan testen provosere fram anfall med uregelmessig hjarterytme (atrieflimmer). Dette kan krevje behandling med medikament og forlenga observasjon, eventuelt innlegging på sjukehuset.

DINE FØREBUINGAR



Har du alvorleg allergi ber vi deg kontakte oss snarast på telefon 55 97 21 86 ved Hjartepoliklinikken.



Du må faste to timer før testen.



Brukar du medisinar, kan du ta desse som vanleg.



Ta eventuelt med medikamentliste.



KONTAKTINFORMASJON

Hjartepoliklinikken

Tlf. 55 97 21 86

Opningstid: 8.00-15.30

Nr. 2024312 Kommunikasjonsavdelinga, HUS, 2015

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300